



HANDLINGSPLAN

FRITIDSLOS-PROSJEKTET I AUKRA 2026





Innhald

BAKGRUNN	1
FRITIDSLOS-PROSJEKT I AUKRA	2
Omfang og finansiering	2
Målgruppe	2
Visjon	2
Målsetting.....	2
ORGANISERING.....	3
Lokalisering.....	3
Samarbeidspartar	3
FRITIDSSLOSEN SI ROLLE	3
Fritidslosen sine oppgåver.....	4
SLIK VIL VI HA DET OG SLIK GJER VI DET.....	5
Mål og tiltak for fritidslos-prosjektet 2026:	5

BAKGRUNN

Kommuneplanen sin samfunnsdel for Aukra 2030 har barn og unge som eitt av hovudsatsingsområda. Arbeidet skal vere prega av systematisk og tverrfagleg samarbeid, med vekt på tidleg innsats, gode fysiske og psykososiale oppvekstmiljø, utjamning av sosiale skilnader og medverknad frå barn og unge.

Barne- og ungdomsplanen 2021–2030 er styrande for tilsette som jobbar med barn og unge. Føremålet med plana er å ha ein heilskapleg strategiplan for barn og unge, med fokus på samhandling, førebygging og tidleg innsats.

Aukra kommune har to grunnskolar, men ingen vidaregåande skole. Ungdom må difor pendle ut av kommunen, noko som gjer at vi har lite kontakt med dei i denne perioden. Nokre av desse ungdommane er sårbare og får ikkje den hjelpa dei treng.

Erfaring viser at rus, negative skoleopplevingar og liknande kan skape avstand mellom ungdom og samfunn. Ein fritidslos kan tette dette gapet og styrke BTI-modellen. Fritidslosen skal jobbe oppsøkjande mot ungdom som ikkje går på skole, har jobb eller deltek i fritidsaktivitetar, og hjelpe dei inn i fellesskapet. Rollen skal òg vere ein lett tilgjengeleg støtteperson for praktiske behov, som jobbsøknader, og kan ved behov fungere som mentor, koordinator og stafethaldar.

Med Fritidslos-funksjonen kan vi med systematisk og målretta arbeid nå vedtekne målsettingar i samfunnsdelen av kommuneplanen.



FRITIDSLOS-PROSJEKT I AUKRA

Omfang og finansiering

Aukra kommune har mottatte tilskot gjennom ordninga *Samordning av lokale rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak* administrert av Sekretariatet for konfliktråda. Tilskotet er på kr 400 000. Kommunen pliktar å bidra med ein eigenandel tilsvarande 20 % av tilskotssummen, det vil seie kr 80 000. Den samla prosjektøkonomien er dermed kr 480 000.

Det er vedteke at midlane skal nyttast til lønnskostnader for ein Fritidslos i 50 % stilling i ein periode på 12 månader. Prosjektet startar opp 01.01.2026. I tillegg er det sett av midlar til nødvendige utgifter knytt til kompetanseheving og andre relevante kostnader som kan oppstå i oppfølgingsarbeidet.

Målgruppe

Fritidslosen skal arbeide førebyggjande og tiltaksretta mot ungdom i alderen 15–19+ år som står i fare for å hamne i utanforskap. Dette omfattar ungdom som av ulike grunnar strevar med å delta i skole, arbeidsliv eller fritidsaktivitetar.

Visjon

Fritidslosen skal bidra til at ungdom får styrkt tilknytning til samfunnet, opplever auka livskvalitet og får tilgang til trygge vaksne gjennom tett og stabil oppfølging.

Gjennom fleksibel tilnærming og målretta relasjonsarbeid skal fritidslosen møte ungdom på deira eigne arenaer og byggje trygge, tillitsfulle relasjonar. Arbeidet skjer i tett samarbeid med familie, skole, oppfølgingstenesta, NAV og andre relevante hjelpetenester for å sikre heilskaplege og koordinerte tiltak.

Fritidslosen er også ein del av mentornettverket for førebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme i Aukra og Molde.

Stillinga er organisert under kulturavdelinga, og inngår som ein naturleg del av teamet saman med kommunen sine ungdomslosar.

Målsetting

Formålet med prosjektet er å medverke til at fleire ungdommar fullfører vidaregåande opplæring og at kommunen førebyggjer utanforskap gjennom eit permanent og tverrfagleg system for tidleg og koordinert innsats.

Aukra kommune skal gjennom fritidslosen gi ungdom i vanskelege livssituasjonar eit meir samordna tilbod og tettare oppfølging. Gjennom dette skal ungdommen oppleve:

- å høyre til
- å meistre
- å bli sett
- å bli inkludert



ORGANISERING

Lokalisering

Fritidslos er organisert under kulturavdelinga og inngår i det same teamet som kommunen sine ungdomslosar og miljøarbeidarar. Denne organiseringa skal sikre eit heilskapleg og samordna tilbod til ungdom, der tenestene samarbeider tett om oppfølging, tiltak og overgangar.

Fritidslosen skal vere synleg i nærmiljøet og delta i relevant møteverksemd i kommunen for å bidra til tidleg innsats, koordinering og gode informasjonsflytar mellom tenestene.

Samarbeidspartar

Fritidslosen skal samarbeide tett med familie, skule, oppfølgingstenesta, NAV, psykisk helseteam for barn og unge, SLT-koordinator og andre relevante hjelpetenester. Målet er å sikre heilskaplege og koordinerte tiltak rundt ungdommen.

Fritidslosen er òg ein del av mentornettverket for førebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme i Aukra og Molde. Dette inneber deltaking i tverrfagleg samarbeid og bidreg til tidleg identifisering og oppfølging av sårbar ungdommar.

I overgangsfasar samarbeider Fritidslos og ungdomslos for å sikre kontinuitet. Fritidslosen overtek ansvar for vidare oppfølging når det er behov. Fritidslosen blir kontaktperson overfor vidaregåande skole og skal samarbeide tett med NAV og oppfølgingstenesta for ungdom som står utanfor skole eller arbeid.

Vidare skal Fritidslosen samarbeide med miljøarbeidarane på ungdomsmøteplassar for å nå ungdom som strevar med å delta i organiserte fritidsaktivitetar, og for å legge til rette for gode, inkluderande arenaer.

FRITIDSSLOSEN SI ROLLE

Fritidslosen skal vere ein trygg og tilgjengeleg ressurs for ungdom som treng støtte, råd og rettleiing for å finne sin plass i fritids- og nærmiljøet. Rolla handlar om å bygge relasjonar, senke tersklar og bidra til at ungdom får tilgang til trygge, meningsfulle og inkluderande aktivitetar. Gjennom tett samarbeid med familie, skule, hjelpetenester og frivillige arenaer skal Fritidslosen sikre at ungdom får heilskapleg og koordinert oppfølging.

Som ein del av mentornettverket for førebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme i Aukra og Molde, har Fritidslosen òg eit særleg ansvar i det førebyggjande arbeidet. Dette omfattar å bidra til tidleg identifisering av sårbarheit, styrking av beskyttande faktorar og å vere ein stabil vaksenkontakt for ungdom som treng ekstra støtte.

Gjennom å vere synleg i nærmiljøet og aktiv deltaking i kommunal møteverksemd skal Fritidslosen vere ein viktig bindeledd mellom ungdom, tenester og fritidsarenaer – og slik bidra til at fleire ungdommar opplever meistring, tilhøyrse og deltaking.



Fritidslosen sine oppgaver

- Vere ein støttespelar og trygg relasjon for ungdommen
- Bidra til å finne tiltak som fremjar trivsel, meistring og deltaking
- Koordinering av tverrfagleg samhandling knytt til heim, skole og fritid.
- Identifisere og følgje opp utsette ungdom i samarbeid med relevante tenester, etter BTI-modellen (Betre Tverrfagleg Innsats)
- Ved behov og når det er til ungdommen sitt beste, ta koordinatrolla i tverrfagleg arbeid
- Støtte til ungdom som opplever press, konflikt eller påverknad som kan føre til uheldige val. Saman finn vi trygge løysingar.
- Gi ungdommane tett og tilrettelagt oppfølging i form av motivasjonsarbeid og rettleiing i og utanfor skolen, og i overgangen mellom skole og jobb/tiltak
- Vere tilgjengeleg for ungdommane og til stede på ungdommane sine eigne arenaer (skole, heim og fritid).
- Samarbeide tett med ungdommen sine foreldre eller andre omsorgspersonar, og bistå foreldre/omsorgspersonar med å understøtte ungdommane sin skolegang.
- Hjelp og motivere ungdom til å komme i kontakt med hjelpetenester som kan gi nødvendig hjelp
- Samarbeide tett med skole, oppfølgingstenesta (OT), NAV og andre hjelpetenester, og bidra til at hjelpen som gis er heilskapeleg og tilrettelagt.



SLIK VIL VI HA DET OG SLIK GJER VI DET

Mål og tiltak for fritidslos-prosjektet 2026:

SLIK VIL VI HA DET (MÅL)	SLIK GJER VI DET (TILTAK)
1. Ungdom opplever sterkere tilknytning, auka livskvalitet og tilgang til trygge voksne gjennom tett og stabil oppfølging	a. Føl opp sårbar ungdom frå 15-19+ b. Kartleggje interesser og hjelpe ungdom inn i aktivitetar c. Etablere tillitsfull relasjon gjennom jamleg kontakt d. Samarbeide tett med føresette og aktuelle tenester e. Gi praktisk støtte (påmelding, utstyr, transport) f. Ha lågterskel oppfølging i kvardagen (melding, treffpunkt) g. Motivere og støtte ungdom i å halde på aktivitetar over tid h. Fange opp behov tidleg og justere oppfølginga i. Leggje til rette for deltaking i trygge fellesskap
2. Det skal etablerast prosjektgruppe for Fritidslos med faste møter	a. Prosjektgruppe: Kultursjef, fritidslos og SLT-koordinator b. Månadlege møter (1. måndag i månaden) c. Opning for å kalle inn til møte ved behov.
3. Fritidslos skal journalføre i kommunen sitt saksbehandlingssystem (sikrar dokumentasjon, oversikt og kontinuitet).	a. Opprette arkivdel for Fritidslos i P360 (dokument på individnivå i samband med Fritidslosen sine oppgåver) b. Opprette sakstype for Fritidslos i P360 c. Serviceavdelinga opprettar mapper på bestilling frå Fritidslos
4. Deltaking i tverrfagleg møteverksemd	a. Delta i tverrfaglege møter der ein drøftar saker anonymt på individnivå <ul style="list-style-type: none"> a. NAV og OT b. Psykisk helseteam for barn og unge (månadlege møte) c. Deltaking i Ungdomslos-team (kvar andre veke) d. Deltaking i møter med Innvandring & Integrering b. Møter med SLT-koordinator (kvar andre veke) c. SLT-møte: Ung i Aukra (fire møter i året) d. Fast deltaking i "Ressursnettverket for førebygging av radikalisering og valdeleg ekstremisme" (fire møter i året + fagdagar) e. Fritidslos skal delta på samarbeidsmøte og ansvarsgruppemøter der Fritidslos er involvert i saken.
5. Fritidslos-prosjektet skal presenterast for samarbeidspartar	a. Presentasjon for Barnevernet i Molde b. Presentasjon for SLT-koordineringsgruppe (11. Mars – 26) c. Presentasjon for Psykisk helseteam for barn og unge d. Presentasjon for Innvandring og integrering e. Presentasjon for NAV f. Presentasjon for OT g. Presentasjon for Julsundet skole og Gossen barne- og ungdomsskole h. Orienteringssak i Helse oppvekst og kultur (HOK) og eventuelt kommunestyret



6. Fritidslos skal gi seg til kjenne for aktuelle tenester og foreldre i kommunen	<ul style="list-style-type: none">a. Informasjon på kommunen sine nettsiderb. Informasjon til aukrasamfunnet gjennom Aukranyttc. Informasjon for tilsette på kommunen sitt Intranettd. Kommunen sin Tiltaksoversikt og Samhandlingsmodellen (BTI)e. Dele informasjon på SoMe
7. Fritidslos skal bli kjent med kulturskolen sine tilbud	<ul style="list-style-type: none">a. Avtale møte med rektor på kulturskolenb. Ta kontakt med aktuelle samarbeidspartar i kulturskolen
8. Fritidslos skal gjer seg kjent med Aukrasamfunnet sine tilbud.	<ul style="list-style-type: none">a. Bli kjent med kommunale fritidstilbudb. Bli kjent med frivillige lag og organisasjonarc. Bli kjent med private tiltak/tilbud i kommunen<ul style="list-style-type: none">a. Hollingsholm gård (inn på tunet – tiltaket)b. JoinUs
9. Fritidslos skal vere synleg på ungdommen sin fritidsarena i kommunen.	<ul style="list-style-type: none">a. Vere innom Etter skoletidb. Vere innom Open kveld/ungdomsklubbc. Vere innom ungdomsarrangementd. Andre private arenaer
10. Fritidslos skal tilby jobbkurs til ungdommar	<ul style="list-style-type: none">a. Invitere til jobbkurs for ungdommar 15-19+ årb. Bruke sosiale media for å markedsføre tilbodetc. Legge jobbkurset til eit tidspunkt etter skoletidd. Kurset delast opp i ulike bolkar (søknad/CV + intervju)
11. Fritidslosen skal oppdatere seg på kunnskap om sårbar ungdom, utanforskap og fråfallsførebygging.	<ul style="list-style-type: none">a. Delta på aktuelle kurs, seminar og konferansarb. Rettleiing under prosjektperioden
12. Det skal gjennomførast undervegs-evaluering i prosjektperioden	<ul style="list-style-type: none">a. Evalueringsmøte med prosjektgruppa i augustb. Sluttevaluering i novemberc. Mål og tiltak i tabell vil vere utgangspunkt for evalueringa